

---

Saksnr: 2021/2701-2  
Saksbehandlar: Karl Inge Nygård

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		25.05.2021
Fylkesutvalet		01.06.2021

## Prosjektstatus og konkurranseførebuing Framtidas hurtigbåt del II

### Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune stiller seg bak vurderingane frå prosjektet Framtidas hurtigbåt del II om å førebu og kunngjere konkurransegrunnlag basert på vurderingar som framgår av vedlagte rapport datert 10.05.21.
2. Fylkesrådmannen vert beden om at det vert lagt fram ny sak om prosjektets eigarskapsstruktur og risikomodelle før kunngjering av konkurranse for sikkert design.
3. Fylkesutvalet støttar at Vestland fylkeskommune tek ansvaret for sikkert design/hydrogenløpet i prosjektet, med ein føresetnad at det vert lagt fram ein akseptabel modell for deling av ansvar og risiko i sak som nemnt i vedtakspunkt 2.

### Samandrag

Fylkesutvalet vedtok i april å signere samarbeidsavtala som er utarbeidd for samarbeidet mellom dei fire fylka for Framtidas hurtigbåt del II. Prosjektet kan dermed fortsette i tråd med målsettingar som skissert i avtala, og prosjektet er no inne i konkurranseførebuinge fase. Som tidlegare skissert er det planlagt to utviklingsløp, eitt løp der hovudfokus er sikkerheitsgodkjenning av hydrogen som energiberar, og eitt løp der fokus er å utvikle energieffektive design for hurtigbåtar som også skal vere nullutslepps fartøy.

I marknaddialogen som er gjennomført og avslutta for pilotprosjektet kommenterte marknaden nokre sentrale tema som prosjektet ser at det behov for å ta avklare og innarbeide i den komande konkurransen. Dette er omtalt i vedlegget.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg 1: Orienteringssak Framtidas hurtigbåt del II, statusrapport

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I fylkesutvalet 20.04.21 fatta fylkesutvalet vedtak om at fylkesrådmannen skulle leggje fram ei orienteringssak om status i prosjektet/konkurransgrunnlaget for fylkessamarbeidsprosjektet Framtidas hurtigbåt del II.

Vedtakskompetanse

Saka følgjer opp fylkesutvalet sitt vedtak frå 20.04.21. Fylkesutvalet har følgjeleg avgjerdsmynde i saka.

Vurderingar og verknader

### Økonomi:

Prosjektkostnader for fylkeskommunen for inneverande designfase er 2,5 MNOK som tidlegare skissert. Kostnader for fylkeskommunen i dei kommande fasane i prosjektet vert lagt fram i ei seinare sak.

### Klima:

Prosjektet Framtidas hurtigbåt del II har som målsetjing å utvikle hurtigbåtar med nullutsleppsteknologi og som er meir energieffektive enn dagens hurtigbåtar.

### Folkehelse:

Utvikling av nullutslepps hurtigbåtar vil gje lågare lokale utslepp og betre luftkvalitet.

### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Båtsambanda er relevante for busetjing og mobilitet i fylket. Innføring av nullutsleppsteknologi er relevant for verdiskaping og klima.

Konklusjon

Konkurransetsetjing av utviklingskontraktar for design, bygg og pilotering av hurtigbåtar med nullutsleppsteknologi og energieffektivitet er eit viktig initiativ mot målsettinga om nullutslepp i hurtigbåtdrift. For å nå klimamåla og oppfylle miljøkrava som regjeringa stiller til nullutsleppsteknologi på hurtigbåt, er det viktig at det offentlege er førande i utviklingsprosjekt som Framtidas hurtigbåt del II.

Fylkesrådmannen tilrår konkurranseutsetjing som presisert i vedlegget om vurderingar rundt oppbygging av konkurransen for effektivt design. Politisk og administrativ leiing bør ha god dialog med sentrale styresmakter om vidare plan for finansiering av og støtte til dei neste fasane i det fylkeskommunale samarbeidsprosjektet.

Forslag for etablering av prosjektets eigarstruktur vil bli lagt fram i sak hausten 2021, der det skal gjerast greie for både eigarskap til pilotar og fordeling av risiko. Etablering av eit aksjeselskap eigd av fylkeskommunane kan vere ei mogleg løysing. Dette vil kunne vere fordelaktig for dei involverte fylkeskommunane med tanke på støtteordningar, deling av informasjon med fylkeskommunar som ikkje er ein del av prosjektet, samt risikofordeling.

Fylkesordførarane i dei fire fylkeskommunane skal drøfte blant anna desse sentrale emna i eit felles møte 9. juni 2021.